


**Stygge hol i vegen skada bil**

27.11.2011



**Kryssinga av vegen med ei grøft ved det nye KV-bygget har ført til at det har vorte store hol i vegen til stor irritasjon for bilistane. Og ikkje berre det.**

Ein uskedeling opplevde sogar å få alvorlege skader på bilen sin då han dumpa ned i hola. Sjølv om det er helg burde det vore gjort noko med denne farlege trafikkfella, seier bilistar til uskedalen.no

Foto: Ola Matti Mathisen